



Statens vegvesen

Lindås kommune
Kvernhusmyrane 20
5914 ISDALSTØ

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/telefon:
Anne Marta Espelund /
55516432

Vår referanse:
16/126002-10

Dykkar referanse:

Vår dato:
14.08.2017

Høyring av framlegg til opptak av fylkesveg til riksveg ved Knarvik ferjekai i Lindås kommune.

Vi viser til brev frå Statens vegvesen dagsett 07.02.2017 *Høyring av framlegg til omklassifisering av Knarvik ferjekai i Lindås kommune*, vår referanse 16/126002-6. Vi kan ikkje sjå å ha motteke tilbakemelding frå dykk på tilsendte framlegg. Vi har ved ein inkurie brukt feil lovheimel i brevet, og sender difor saka på ny.

Bakgrunn

Knarvik ferjekai er beredskapskai for E39. I brev dagsett 7. oktober 2010 bed Hordaland fylkeskommune om at staten tar kostnadene med vedlikehaldet av kaien. Dette vert i dag gjort, men vegen har framleis status som fylkesveg. Statens vegvesen har starta sak med å endre klassifiseringa for vegstrekninga/ferjekaien.

Saksopplysningar

Fv 392 hp 1 km 0,640 – km 0,865 (ferjelem)



Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Postboks 43
6861 LEIKANGER

Telefon: 22 07 30 00
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Nygårdsgaten 112
5008 BERGEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Postboks 702
9815 Vadsø



Knarvik ferjekai gjekk ut av ordinær drift i 1994, då Nordhordlandsbrua vart opna for trafikk. Dersom veglenkene mellom Klauvaneset og Knarvik vert stengt for trafikk i lengre tid, vil det vere nødvendig å avvikle trafikk over ferjekaiane i Steinestø og Knarvik. E39 Nordhordlandsbrua hadde ein ÅDT på om lag 17 000 i 2015.

Framlegg til vedtak:

Følgjande strekning vert teken opp til riksveg/europaveg:

- Knarvik ferjekai i Lindås kommune: Fv 392 hp 1 km 0,640 – km 0,865 (ferjelem)

Saksgang og vedtaksmynde

Saksgang ved opptak til riksveg følgjer av veglova §3:

§ 3. Alle vegar som var riksvegar etter den tidligare veglova, er riksvegar etter denne lova, dersom ikkje anna blir fastsett med heimel i lova.

Etter at fylkeskommunen - i Oslo kommunen - har uttala seg, kan departementet ta opp fylkesveg, kommunal veg eller privat veg som riksveg

Før vi sender framlegg til opptak av vegen til godkjenning i vegdirektoratet, ber vi om uttale frå dykk. Saka vert òg sendt til Hordaland fylkeskommune for uttale.

Høyringsfrist

Frist for å kome med tilbakemelding er sett til 22. september 2017.

Plan- og forvaltningsseksjon Bergen

Med helsing

Sindre Lillebø
seksjonssjef

Anne Marta Espelund
overingeniør

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.